



MOLDE KOMMUNE PLAN, BYGGESAK OG GEODATA Saksbehandlar, innvalstelefon

Rådhusplassen 1
6413 MOLDE

Bjarne Otnes, 71 25 85 75

Klage på vedtak - dispensasjon - Molde 34/31 - Årødalen - opparbeiding av område for Airsoft-aktivitet

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal klagar på Molde kommune v/hovudutval for teknisk, plan, næring og miljø sitt vedtak i møte 04.11.2025, sak PS-51/25, med dispensasjon frå kommuneplan og pbl. § 1-8 for etablering av ei airsoftbane på gbnr. 34/31 ved Årøelva.

Bakgrunn

Molde kommune sendte 14.05.2025 på høyring søknad om å etablere ei airsoftbane på gbnr. 34/31 ved Årøelva. Statsforvaltaren rådde i uttale av 11.06.2025 i frå at Molde kommune gav dispensasjon. Orientering om vedtaket i hovudutvalet kom oss i hende 11.09.2025.

Statsforvaltaren si fråsegn

I vår fråsegn 18.09.2024 peika vi m.a. på at airsoft gir opphav til forsøpling og forureining i form av plastkuler. Det ligg ikkje til rette for å samle opp kulene. Plastkuler vil kunne hamne ut i Årøelva og vidare ut i sjøen, og elles bygge seg opp i grunnen. Årøelva har allereie dårleg økologisk tilstand. Plastforsøpling vil vere til mein for tilstanden, og for målsettinga om god tilstand. Vi la også vekt på omsyn til å ta vare på vegetasjonen langs elva, og opplyste om at inngrep i kantsona må ha dispensasjon frå § 11 i vassressurslova uavhengig av om kommunen gir dispensasjon.

Kommunen si grunngjeving for vedtaket

Administrasjonen tilrådte i si saksutgreiing at søknaden om dispensasjon vart avslått. Tilrådinga vurderte plasseringa som ueigna på grunnlag av at kantsona mot Årøelva vart vesentleg redusert, at bana er flaumutsett og at risiko for plastforureining frå kuler ikkje er tilstrekkeleg vurdert.

Hovudutvalet fatta følgjande vedtak:

«Hovedutvalg for TPNM godkjenner søknad om dispensasjon i fra LNFR-formål og plan- og bygningsloven § 1-8. Utvalget mener tiltaket har mange positive sider, særlig knyttet inkludering, sosialt fellesskap og tilgjengelighet til friluftsområder. Tiltakene er også skånsomme, og reversible. I en samlet vurdering anser utvalget at fordelene er klart større enn ulempene.

Det stilles krav om sikringsone mot Årøelva og flomsonen for å bevare kantvegetasjon og redusere risiko for forurensning.

Det må lages et tillegg til leieavtalen hvor banen skal ryddes minimum 4 ganger i året.»

Statsforvaltaren si vurdering

Airsoft kan for mange vere ein positiv aktivitet som kan fremme sosiale fellesskap på tvers av alder, bakgrunn og andre skiljeliner, og gi fysisk aktivitet og spenning. Statsforvaltaren meiner likevel den planlagde bana er plassert feil. Vi har innvendingar til følgjande punkt i vedtaket:

Rydding av bana

Vår hovudinnvending mot å legge airsoftbana heilt nede ved Årøelva er at terreng- og grunnforholda gjer at det ikkje er gjennomførleg å rydde området for plastforureining. Området er del av det tidlegare aktive elveløpet, og grunnen består av grov stein og grus med tilsvarende ulendt og varierende humus- og vegetasjonsdekke. På sjølve baneområdet skal ein del buskar og kratt fjernast, og elles skal det settast opp flyttbare, små konstruksjonar for dekning under spel. Dette inneber at grunnen ikkje på nokon måte vil legge til rette for å plukke eller samle opp plastkuler. Desse vil forsvinne i vegetasjonen og/eller ry ned i grus- og steingrunnen. Noko av dette vil kunne transporterast ut i elva, og resten vil bygge seg opp i grunnen.


Retningslinene frå airsoftforbundet viser til forureiningsforskrifta kapittel 23A (gjeld kunstgrasbaner) som retningsgivande for utforming og drift av airsoftbaner. Bana slik ho no er planlagt oppfyller på langt nær desse føringane, og etter vår vurdering ligg det heller ikkje til rette for å opparbeide baneområdet på ein måte som sikrar mot forureining med den valde plasseringa. Molde kommune og airsoftklubben bør sjå etter lokalitetar som kan oppfylle forbundet sine retningslinjer.

Sikringssone mot Årøelva


Vedtaket føreset at det skal avgrensast ei sone langs Årøelva for å bevare kantvegetasjon og redusere risiko for forureining. Som vi peikar på i førre avsnitt er vesentlege delar av risikoen for forureining knytt til avsetting i grunnen. Den direkte tilførselen til Årøelva frå avfyrte skot under spel vil bli mindre med ein buffer, men også sikringssona vil bli belasta med plastkuler i tillegg til sjølve baneområdet, om enn i mindre grad. Utan nokon tilrettelegging vil det her vere endå mindre håp om å kunne rydde kuler enn på sjølve bana. Kantsona til Årøelva er også mest utsett for flaum.

Utan vesentlege innretningar for å samle opp overflatevatn vil effekten av ei buffersone mot Årøelva vere avgrensa. Mesteparten av bana består av eit tidlegare elveløp, som i nedbørstoppar vil kunne føre plastforureining ut i Årøelva, sjå utsnitt av NIBIO sitt markfuktigheitskart. Omfanget vil avhenge av kor permeable grunnen og overflatedekket er.

Igjen er vår oppfatning at bana er plassert feil, og ei sikringssone mot Årøelva vil i mindre grad dempe forureiningsfaren.



Kartutsnitt frå søknad



NIBIO markfuktigheitskart (tilgjengeleg i Gislink)

Tilgjengelegheit til friluftsområde

Området er vist som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF i kommuneplan og reguleringsplan. Etter vårt syn bør verdien som naturområde vege tyngst i vurderinga av om det er ønskeleg med tilkomst eller ikkje. Området har i dag avgrensa verdi som friluftsområde, og for vassdragsnaturen med tilhøyrande dyreliv er det viktig å oppretthalde soner utan vesentlege inngrep og forstyrningar i eit elles svært pressa dalføre, der Årøelva ligg klemmt mellom fylkesvegen, bustadområde, golfanlegg og næringsareal. Ut over klubben sine egne aktivitetar vil ikkje betre tilkomst ha nemnande betydning for friluftsinnteresser.

Skånsame og reversible inngrep

Etter vårt syn er det underordna om delar av anlegget er meir og mindre lett å flytte på.

Konklusjon

Statsforvaltaren viser til merknadene ovanfor og klagar på kommunen sitt vedtak. Forureining og omsyn til naturmiljøet i og langs Årøelva talar for at kommunen avslår søknaden.

Vidare saksgang:

Dersom kommunen ikkje tar klaga til følgje skal saka sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for vidare klagebehandling. Saka vert då behandla av statsforvaltaren i eit anna fylke, jamfør forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Frida Farstad Brevik
plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 2500

6404

Molde